

## US 104/09 Revisjon av retningslinjer for utredning, godkjenning, etablering, nedlegging og revisjon av studier ved Universitetet i Stavanger

(ePhortesak 2009/3386)

### SAKA GJELD

Den vedlagde saka gjeld revisjon av Retningslinjer for utredning, godkjenning, etablering, nedlegging og revisjon av studier ved Universitetet i Stavanger.

Utdanningsutvalet vedtok desse retningslinjene 28. juni 2005, med heimel i vedtak i Styret for Høgskolen i Stavanger 1. oktober 2003 sak 116/03. Retningslinjene er reviderte av Utdanningsutvalet 6. september 2006 og fastsette i Styret i sak 61/06 21. september 2006. *Vedlegg.*

Saka har vore på høyring i fakulteta og berørte stabseiningar. Det har i høyringa serleg vorte fokusert på tidsfristane i dei prosessane som retningslinjene føreskriv, på fullmaktsområde, læringsutbytte i studieplanar og program- og emnebeskrivelsar og på internasjonalisering.

### UNIVERSITETSDIREKTØREN SI VURDERING

Utdanningsutvalet har myndighet til å vedta retningslinjene i samsvar med vedtak gjort av Høgskolen i Stavanger 1. oktober 2003 i sak 116/03. Såleis gjorde Utdanningsutvalet vedtak om fastsetjing av framlegg til reviderte retningslinjer i møte 6. oktober i år.

Retningslinjene vil likevel verta lagde fram for Styret til handsaming, då dei inneheld avgjerdsler som vedkjem Styret sin myndighet.

I handsaminga vert Styret serleg bedt om å merkja seg fylgjande:

- fordeling av fullmaktsområde mellom dekan og styret når det gjeld etablering av nye studieprogram
- styrsak om planlagde nye studieprogram våren 2010

### Framlegg til vedtak:

- a) Styret fastset framlegget til revisjon av Retningslinjer for utredning, godkjenning, etablering, nedlegging og revisjon av studier ved Universitetet i Stavanger.
- b) Styret ber om å få sak om studieportefølje og søknader om utgreiing av nedleggjingar og etableringar av nye studier inn på sakskartet på fyrste styremøte i 2010.

Stavanger, 14.10.2009

Per Ramvi  
universitetsdirektør

**US 104/09      Revisjon av retningslinjer for utredning, godkjenning, etablering, nedlegging og revisjon av studier ved Universitetet i Stavanger**

**1. BAKGRUNN**

Utdanningsutvalet vedtok 28. juni 2005 Retningslinjer for utredning, godkjenning, etablering, nedlegging og revisjon av studier ved Universitetet i Stavanger, med heimel i vedtak i Styret for Høgskolen i Stavanger 1. oktober 2003 sak 116/03. Retningslinjene er reviderte av Utdanningsutvalet 6. september 2006 og fastsette i Styret i sak 61/06 21. september 2006.

Utdanningsdirektøren sende eit høyringsbrev til fakulteta 8. oktober 2008 og ba om kommentarar til tidsfristar knytta til etableringar, nedleggjingar og revisjon av program og emne.

På bakgrunn av dei kommentarane som kom inn frå fakulteta i denne høyringsrunden la utdanningsdirektøren saka fram for Utdanningsutvalet i møtet 25. mars. Det vart då serleg fokusert på tidsfristane i dei prosessane som retningslinjene føreskriv, på fullmaktsområde, læringsutbytte i studieplanar og program- og emnebeskrivelsar og på internasjonalisering.

Saka vart sendt ut på ny høyring til fakulteta og stabseiningane med høyringsfrist 24. juni.

Høyringsutkastet vart lagt fram for Utdanningsutvalet i møtet 3. juni, sak 19/09.

Utdanningsutvalet har hatt saka til handsaming i møta 2. september og 6. oktober. Utvalet fastsette framlegget til reviderte retningslinjer i møtet 6. oktober. *Vedlegg.*

**2. HØYRINGA**

Det samfunnsvitskaplege fakultetet og det humanistiske fakultetet ga svar på høyringsframlegget. Det teknisk-naturvitskaplege fakultetet viser til uttalen deira frå høyringsrunden hausten 2008. Ingen av stabseiningane har gitt uttale, men personalavdelinga har gitt melding om at dei ser saka som å liggja utanføre deira ansvarsområde. Utdanningsavdelinga har vore i dialog med FRES-ESS og med sakshandsamarar på fakulteta for å få betre innsikt i prosessar knytta til registrering og oppdatering av innhald i studieprogramma på FS. Det er her avdekket eit behov for meir samtenkjing og koordinering av utforming av malar for program- og emnebeskrivelsar, og bruken av desse.

Både HUM og SV sluttar seg til hovudtrekka i struktur og innhald i framlegget til revisjon av retningslinjene. Begge fakulteta peikar på at dekanen har resultatansvar for økonomiske disponeringar ved fakultetet, og at dekanen må sikrast tilstrekkeleg myndighet og handlingsrom i samsvar med resultatansvaret. Difor støttar HUM og SV framlegget om å utvida dekanen sin myndighet i etableringssaker til 60 studiepoeng, og gjer framlegg om at same grensa også skal gjelda for fastsetjing av studieplanar.

Når det gjeld tidsfristane har fakulteta gitt ulike tilbakemeldingar.

Det teknisk- naturvitskaplege fakultetet ynskjer ein så tidleg frist for søknad om etablering av nye studier som mogeleg, for å kunna publisera program for internasjonalt opptak tidleg på haustsemesteret. Det humanistiske og det samfunnsvitskaplege fakultetet føreslår å oppretthalda gjeldande fristar for studier med norsk opptak, og føreslår eigen frist for studier med internasjonalt opptak. Fakulteta ynskjer også å oppretthalda fristen frå i år for søknad for utgreiing av studier, dvs 31. januar.

Fakulteta støttar framlegget til endring av frist for revisjon av fag- og studieplanar til 1. mai.

Utdanningsutvalet har i møta 2. september og 6. oktober serleg drøfta problemstillingar knytt til fullmaktsområde og tidsfristar, og vedteke å utvida dekanen sitt fullmaktsområde og ein delt søknadsfrist for studier med norsk og internasjonalt opptak. Sjå nedanfor.

**3. PROBLEMSTILLINGAR TIL DRØFTING**

*Myndighetsområde*

Utdanningsutvalet vedtok at grensa for å fastsetja fag- og studieplanar skal vera til og med 30 studiepoeng for dekanen, og at Utdanningsutvalet fastset planar over 30 studiepoeng. Nåverande grense er 15 studiepoeng. Ei slik grense for fastsetjing av planar vil gje Utdanningsutvalet ein kontrollfunksjon med omsyn til kvalitetssikring av studieplanar også under årseiningsnivå.

Når grensa for fastsetjing av fag- og studieplanar vert heva til 30 studiepoeng for dekanen, vil Utdanningsutvalet at nye planar og større endringar under 30 sp skal innrapporterast til utdanningsdirektøren og at utdanningsdirektøren skal kunna uttala seg om planane i tide før dei skal etablerast av dekanen. Frist for innrapportering vert sett til 30. september og frist for evt. tilbakemelding frå utdanningsdirektøren vert sett til 31. oktober.

I utkast til reviderte retningslinjer som låg til grunn for Utdanningsutvalet si handsaming vert dekanen sitt myndighetsområde for etablering og nedleggjing av studier sett til 60 studiepoeng. Nåverande grense for dekanen sitt myndighetsområde er 30 studiepoeng. Dette betyr at Styret skal etablere studier over 60 studiepoeng. Dette framlegget vert støtta av det humanistiske og det samfunnsvitskaplege fakultetet og grunnjeve med at ei slik utviding av myndighetsområdet samsvarar med dekanen sitt resultatansvar for fakultetet. Styret vert nå bedt om å vedta myndighetsfordeling mellom dekanen og styret.

Grunngjevinga for framlegget om endring av myndighet er eit ynskje om å forenkla sakshandsaminga av nye studier og flytta ein del av ansvarsområdet ut i organisasjonen. Fakulteta har spelt inn at dette også samstemmer betre med dekanen sitt totale resultatansvar for verksemda. Samtidig skal Utdanningsutvalet framleis vera godkjenningssinstans for kvalitet i studieplanar og emnebeskrivelsar på eit lågare nivå enn gradsprogramma.

Samtidig som Utdanningsutvalet skal ha ein godkjenningssfunksjon i etablering og større endringar av studieporteføljen, har Utdanningsutvalet ynskt at både utvalet sjølv og utdanningsdirektøren i større grad enn før skal ha ein rådgjevande funksjon i slike saker. Difor vil utdanningsdirektøren arbeida for å styrkja samarbeidet med dei operative einingane i organisasjonen.

#### *Tidsfristar*

Studieprogram som skal lysast ut av Samordna opptak må vera etablerte av Styret innan 1. desember for publisering av SO. Utdanningsutvalet vedtok at fristen for å søkja om fastsetjing og etablering av studieplanar for desse studia vert sett til 30. juni og at planane skal handsamast i Utdanningsutvalet innan utgangen av september og i Styret seinast innan utgangen av oktober. Dette vil gi margin for ny runde med handsaming i Utdanningsutvalet eller Styret dersom planane og etableringane ikkje vert godkjende fyrste gongen.

Studieprogram for internasjonalt opptak bør vera publiserte 1. august året før studiet tek til for å vera tilgjengelege for søknad for utanlandske studentar i god tid før søknadsfristen 1. desember. Dette vil seia at nye studier bør vera etablerte av Styret innan denne datoen og seinast i junimøtet, og vidare at søknadsprosessen for desse studia bør starta tilsvarande tidlegare. Utdanningsutvalet har i reviderte retningslinjer vedteke ein delt søknadsfrist for etablering av norske og internasjonale studier, som tek omsyn til dette. Det er ikkje ynskjeleg å leggja ut studier med atterhald om godkjenning, samtidig som ei seinare publisering av nye studier betyr at søkjarar ikkje har fullstendig informasjon om studietilboda frå publiseringsdato.

#### *Læringsutbyte*

Gjeldande retningslinjer inneheld mal for studieprogram og for emnebeskrivelsar (pkt 4 og 5). Desse er også gjennomgådde i den pågåande revisjonen. Det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket for høgare utdanning er nå fastsett og skal vera implementert i institusjonane innan utgangen av 2012.

#### *Internasjonalisering i studieprogramma*

Stortingsmelding nr 14 (2008-2009) *Internasjonalisering av utdanning* oppfordrar utdanningsinstitusjonane til å utarbeida ein heilskapleg internasjonal strategi. Dette har konsekvensar for studieprogramma ved UiS, og Utdanningsutvalet vil at dette skal synleggjerast klårare i dei reviderte retningslinjene og i studieprogramma og emnebeskrivelsane.

Det vert også vist til arbeidet med utgreiinga [Status for den internasjonale virksomheten ved UiS](#) som er på høyring i institusjonen og som vil verta presentert for Styret seinare.

#### *Namn på dokumentet*

Retningslinjene har fått eit kortnamn: *Retningslinjer for studieprogramarbeid ved Universitetet i Stavanger*.

## **4. FORANKRING I UIS SIN STRATEGI**

I framlegget til reviderte retningslinjer er det viktig å framheva dei strategiske og ressursmessige vurderingane som må gjerast i samband med endringar i studieporteføljen. Endringar og nyetableringar av studieprogram skal liggja innføre rammene som er trekte opp i nasjonale politiske føringar, UiS sitt strategidokument, fakulteta sine handlingsplanar og budsjett. Det må liggja føre grundige utgreiingar av økonomiske og andre ressursmessige konsekvensar som endringar og nyetableringar vil føra med seg.

Eit punkt om strategisk forankring er teke med i dei reviderte retningslinene.

## 5. UNIVERSITETSDIREKTØREN SI VURDERING

Universitetsdirektøren legg nå framlegget til reviderte retningslinjer fram for Styret til drøfting og vedtak.

Utdanningsutvalet har myndighet til å vedta retningslinene i samsvar med vedtak gjort av Høgskolen i Stavanger 1. oktober 2003 i sak 116/03. Retningslinene vert likevel lagde fram for Styret til handsaming, då dei inneheld avgjerdsler som vedkjem Styret sin myndighet. Dette gjeld framlegget om utviding av dekanen si fullmakt til å etablere studier, til og med 60 studiepoeng. Universitetsdirektøren vil også gjera Styret merksam på den ulike fordelinga av fullmakt når det gjeld fastsetjing og etablering av studier. I gjeldande retningslinjer skal studier over 15 studiepoeng fastsetjast av Utdanningsutvalet, og studier over 30 stp skal etablerast av Styret. Denne ulike fordelinga er teken vare på i vedtaket frå Utdanningsutvalet og er nå sett til høvesvis 30 og 60 stp. Universitetsdirektøren ser at grensa for etablering av studier er i samsvar med dekanen sitt resultatansvar samtidig som at grensa for fastsetjing tek vare på ei institusjonell kvalitetssikring av nye studieplanar.

Universitetsdirektøren ser det også tenleg med ei deling av søknadsfristar for utgreiing og fastsetjing av studier. Dette ivaretek omsynet til å publisera nye internasjonale studier i rett tid, samtidig som dei nye fristane for dei norske studia gir rom for ei reell sakshandsaming hjå utdanningsdirektøren og i Utdanningsutvalet.

Universitetsdirektøren vil også frå 2010 leggja fram ei eiga styresak for drøfting av studieportefølje, inkludert søknader frå fakulteta om nyetableringar og nedleggjingar av studier. Universitetsdirektøren vil utarbeida sak på grunnlag av mellom anna tilråding frå Utdanningsutvalet.

Sjølv om det nå vert gjort eit arbeid med revisjon av retningslinene, der både innhald og form er endra, vil det dokumentet som her vert lagt fram til handsaming aldri vera eit avslutta arbeid. Kvalitetssikring av studieporteføljen er eit kontinuerleg arbeid. I tillegg til å vera retningslinjer for sakshandsaming av etablering og endringar av studieprogram er dokumentet meint å innehalda verktøy som kan vera til hjelp i dette arbeidet. Her er det serleg to område som det vil verta arbeidd med framover: Implementering av det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket og koordinering og utforming av eit betre felles malsystem for revisjonar, endringar og etableringar av studieplanar. Universitetsdirektøren vil halda fram med å byggja ut eit dokument som etter kvart kan verta ei handbok for kvalitetssikring av studia.

Avslutningsvis vil universitetsdirektøren understreka at retningslinene frå dei vart vedtekne i 2005 har vore eit særst godt verktøy som har medverka sterkt til at kvalitetssikringa av nye studieprogram ved UiS er god.

### Framlegg til vedtak:

- a) Styret fastset framlegget til revisjon av Retningslinjer for utredning, godkjenning, etablering, nedleggjing og revisjon av studier ved Universitetet i Stavanger.
- b) Styret ber om å få sak om studieportefølje og søknader om utgreiing av nedleggjingar og etableringar av nye studier inn på sakskartet på fyrste styremøte i 2010.

Stavanger, 14.10.2009

Per Ramvi  
universitetsdirektør

Kristofer Henrichsen  
utdanningsdirektør

### Trykte vedlegg:

1. Retningslinjer for utredning, godkjenning, etablering, nedleggjing og revisjon av studier ved Universitetet i Stavanger, fastsette av Styret i sak 61/06.
2. Reviderte retningslinjer, vedtekne av Utdanningsutvalet 6. oktober.

Sakshandsamar: Eilef J. Gard, rådgjevar Utdanningsavdelinga.